

Bondeposten



Informasjonsskriv frå Hjelmeland kommune, Plan og forvaltning, nr 1/18

Telefon Sentralbord 51 75 00 00. E-post postmottak@hjelmeland.kommune.no

24.årgang. Ansvarleg redaktør Haldis K. Nilsen, redaksjon: Torborg Kleppa, Anne Kari Skogerbø, Kristofer Tveiterå. Foto: Anne Kari Skogerbø.



Innhaldsliste;

Produksjonstilskot og avløysartilskot – utbetling 2017 og ny søknad mars 2018, utbetaling RMP 2017, nytt frå Innovasjon Norge, gjødselkummar, gjødslingssesongen 2018, areal, SMIL-mildar, møte – «kulturarven som ressurs», tilskot til drenering av jordbruksjord, kommuneplan, sosiale media, nytt frå Bedriftsutvikling i Ytre Ryfylke.

PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSARREGUFJON – UTBETALING 2017 OG NY SØKNADSOMGANG 1. MARS 2018

Utbetaling av produksjonstilskot og avløysarrefusjon du søkte på i 2017, blei utbetalt den 21. februar. Pengane skal vere på kontoen din innan 23. februar. Du får kopi av utbetalingsbrevet i «min meldingsboks» i Altinn. Logg deg inn, finn føretaket ditt, (ikkje deg som privatperson) og finn meldinga. Sjå at utbetalinga er rett i forhold til søknad, og dermed og at søknaden din var rett. Det er 3 vekers klagefrist på utbetalinga.

Sjekk for eksempel at du har fått tilskot til alt arealet du søker tilskot til, eller om her av ein eller annan grunn er avkorting. Har du fått refundert avløysarutgiftene dine, eller rett tilskot til beitedyr?

Neste søknadsomgang er i mars. **Teljedato 1. mars, og søknadsfrist 15. mars.** Fom i år er her ikkje rom for å søkje etter søknadsfristen! Men du kan korrigere ein allereie innsendt søknad i 14 dagar etter 15. mars, dvs. tom 29. mars.

Vær nøye med å fylle ut søknaden rett. I 2017 var søknadssystemet nytt, og ein var litt «romsleg» med etterregistreringar og korrigeringar. MEN fom 2018 er det søkjar sitt ansvar at søknaden er rett. Me erfarte at i 2017 var her mange som søkte om mjølkesau. Etter det kommunen kjenner til er det ingen i Hjelmeland som driv med mjølkesau. Sjølv om vaksne sauer kanskje mjølkar til lamma sine, er dei ikkje mjølkesau ☺. Dersom du lurar på noko, ta kontakt med kommunen før fristen er ute, eller bruk dialogfeltet og skriv beskjed. Det er kommunen som les merknadane i samband med saksbehandlinga.

Det er to søknadsfristar og ei utbetaling av produksjons- og avløysartilskot per år. Søknadsfrist for del 2 av søknaden er 15. oktober, med teljedato 1. oktober. Ved del 1 av søknaden er det husdyrprodusentar som kan levere søknad. Ved del 2 kan både husdyr- og planteprodusentar levere søknad. Det er krav om «vanleg jordbruksproduksjon» for å få tilskot. Her er sett normer i høve både mjøleleveransar og tal lam/vekt på lam. Dersom du får «varsel» om låg produksjon i høve til desse normene, er det fint om du allereie på søknadstidspunktet skriv ei melding om årsaka til dette i dialogfeltet i søknaden, viss ikkje må kommunen ta kontakt med deg for å få avklart kva årsaka er.

Søknaden må leverast elektronisk, det er ikkje høve til å levera papirsøknad.

Søknad må leverast innan fristenn

Søknadsfristane 15. mars og 15. oktober er absolutte. Det er ikkje mogleg å levera søknad etter desse fristane.

UTBETALING RMP 2017

Utbetaling av RMP er sett til 14. mars. Sjekk utbetalingsbrevet og sjå eventuelle merknadar frå kommunen, og sjå om du har fått tilskot til omsøkte tiltak. Også her er det 3 vekers klagefrist frå du mottok utbetalingsbrevet.

OBS! Tilskot til bratt areal; når du søkte i 2017 kunne du importere godkjent areal mm frå året før. Dersom du fekk godkjent nytt beiteareal som samstundes er bratt, i 2017, så kan dette arealet ikkje målast i 2017, fordi gardskartet ikkje er oppdatert med nytt areal, og arealet må vere registrert i gardskartet som jordbruksjord før ein kan sjå kva som er bratt eller ikkje. Når du no i 2018 eventuelt importerer ordningar som er godkjent i 2017 når du skal søkje RMP, må du huske å i tillegg ta med bratt areal i nytt areal. Elles må me minne om at 1 gjødseldyreining, som det blir spurt etter i ulike ordningar = 1 vaksen sau. Tal lam på beite for eksempel i verneområde skal ikkje vere med.



NYTT FRÅ INNOVASJON NORGE

Endeleg strategi for bruk av IBU midlane i 2018 er ikkje klar før mot slutten av februar. Men det er stabil kurs som gjeld. I tråd med nasjonale signal kjem Innovasjon Norge til å forsterka verkemidla mot dei mindre mjølkebruka med 15-30 kyr og der drifta er godt tilpassa ressursgrunnet på garden. For å få lønsame og gode prosjekt i denne storleiken, blir det nok kravd ein ekstra innsats i planleggingsfasen og med fokus på å vera nøktern. Fjorårets minste fjøs som fikk tilskot blei bygd med ein planlagt mjølkeproduksjon på 160 000 liter mjølk.

Det blir ingen søknadsfristar i 2018 og dersom søknadane er i tråd med strategien, vil dei bli behandla fortløpande. Signala frå både rådgjevarar og byggentreprenørar er at det er færre prosjekt under planlegging i høve til på same tid i fjor. Kanskje ikkje uventa etter ein dårlig vekstsesong, høg pris på mjølkekvtar og vanskelegare å få tak i nødvendig grovfôrareal.

GJØDSELKUMMAR

Den midlertidige ordninga der Innovasjon Norge i november og fram til søknadsfristen 10. desember opna for å gi investeringstilskot til gjødselkummar i heile Rogaland, var ein stor suksess. Det var sett av kr 4 mill. kroner til ordninga. Dei kom i tillegg til den ordinære ordninga der ein gir tilskot til gjødsellager i prioriterte vassdrag. Der var potten 2 mill. kroner. 69 søknader med investeringskostnad på snautt 50 mill. kroner fekk positivt svar. Til saman blei det løyvd 7 360 000 kroner i tilskot. Dersom alle gjødsellagera blir bygd, har Rogaland fått ca 120 000 m³ i ekstra kapasitet. Desse vil koma godt med i lang tid framover og vera med å redusera miljøbelastninga frå landbruket.

I alle saker som fekk løyving i *midlertidig* ordning blei det sett vilkår om at lageret skal vera ferdig og tatt i bruk innan 4 md etter løyving. For å vera i tråd med intensjonen i ordninga om at dette var eit ekstra tiltak etter ein våt vekstsesong, kjem Innovasjon Norge til å vera strenge på at fristen blir halden.

I 2018 vil den ordinære ordninga med tilskot til gjødsellager bli gjennomgått, og for dei som ikkje

kom med i denne omgang kan det koma nye sjansar.

Kven kontaktar du? Olav Tegle, ansvarlig for tradisjonelt landbruk. Tlf: 982 18 930

Epost: olav.tegle@innovasjon norge.no

Aart-Dirk van Zanten Magnussen, jobbar med tilskot til tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar.

Aart er og kontaktperson for landbruksbasert verdiskaping (mat), bioøkonomiordninga og tilskot til innovativ bruk av tre. Tlf: 971 27 514 E-post: aamag@innovasjon norge.no

GJØDSLINGSSESONGEN 2018

Henta frå Fylkesmannen i Rogaland si heimeside. Publisert 11.01.18.

«God fordeling av husdyrgjødsel blir ekstra viktig i gjødslingssesongen 2018. Mange bønder fekk ikkje køyrt ut all husdyrgjødsel i 2017 på grunn av dei vanskelege vêrforholda. Det gjer at dei no har meir husdyrgjødsel enn vanleg til utspreiing og fordeling i vekstsesongen 2018. Fylkesmannen har i samband med dette fått spørsmål om regelverket for bruk av husdyrgjødsel;

Gjødslingsplan

Den årlege gjødslingsplanen skal vise korleis husdyrgjødsel blir brukt på jordbruksareal. Bøndene må no gjere opp status for kor mange kubikk/tonn dei har til fordeling i 2018, og lage ein gjødslingsplan som tek utgangspunkt i dette. I gjødslingsplanen skal mengde per dekar settast opp for kvart skifte, samt kva type gjødsel det er (storfe, svin o.l.).

Etter forskrift om gjødslingsplanlegging skal gjødsel brukast forsvarleg. I den spesielle situasjonen anbefaler ein følgjande:

- *God fordeling av husdyrgjødsel på alt godkjend spreieareal.*
- *Prioriter den sterkaste gjødslinga på skifte med låge fosfortal (t.d. nydyrka jord), og skifte der grasveksten er best.*
- *Unngå store mengder på jord med dårleg infiltrasjonsevne som t.d. myrjord og siltjord, og på teigar med stor helling. Her vil faren for overflateavrenning vere størst.*
- *Det må takast omsyn til mengd husdyrgjødsel ved val av type mineralgjødsel og mengd per dekar.*

Dei generelle råda for bruk av husdyrgjødsel gjeld også i spesial-år:

- *Husdyrgjødsel køyrt ut på våren, og tidleg i vekstsesongen gir best effekt.*
- *Vasstilsetting betrar infiltrasjonen i jord, og aukar utnyttinga av næringsstoff.*

Spreieareal

Husdyrgjødsel skal brukast på godkjend spreieareal. Føretak med husdyrproduksjon skal ha nok spreieareal, minimum 4 dekar per gjødseldyreining. I gjødseldyreining = 14 kg fosfor, og i snitt gir dette 3,5 kg fosfor per dekar (tilsvarande fosforinnhaldet i 7 tonn blautgjødsel storfe med 6 prosent tørrstoffinnhald). Korleis husdyrgjødsel blir fordelt på tilgjengeleg spreieareal skal kome fram av gjødslingsplanen.»



Husdyrgjødsel er ein viktig ressurs i høve til næringstilførsel til planteproduksjon. Kommunen får ofte spørsmål frå dei som har behov for meir spreieareal, om me veit om nokon som har ledig areal. Men dei som har ledig spreieareal og som kan tenka seg å ta imot husdyrgjødsel høyrer me ikkje så ofte ifrå. Så dersom du har noko areal du ønskjer husdyrgjødsel til, så kan du for eksempel ta kontakt med oss på landbruk, og så kan me prøva å formidla beskjed!

Me minner om at det er krav om utarbeiding av gjødselplan før kvar vekstsesong! Dette gjeld i utgangspunktet alle. Har du mindre enn 5 GDE, kan du søkje kommunen om å ha 5-årig plan.

AREAL

Gardskarta er «ferskvare». Har du endringar i arealet som du vil ha oppdatert i kartet, ta kontakt med kommunen. Enten du har rydda nytt beite, er ferdig med godkjente dyrkingsprosjekt eller anna. Når du skal søkje produksjonstilskot til hausten, er det godkjent areal du kan søkje tilskot til, og det aller beste er at gardskartet òg er oppdatert før søknadstidspunktet. Hjelmeland kommunen oppdaterer gardskartet i mai, så det er bra med alle oppdateringar me kan ta før det. Vert her godkjent areal etter det, så rettar kommunen Landbruksregisteret, slik at her ikkje blir feilmelding i søknad om produksjonstilskot når du tek med nytt areal, når den tid kjem.

Kommunen «masa» veldig om ugraskamp i fjor. Vêrforholda gjorde at det ikkje var så lett å utføre planlagt ugraskamp, verken mekanisk eller kjemisk. Me ber dykk difor vere «på hogget» i årets sesong. Dersom ein vil kjempa mot tistel mekanisk, kan ein ta rosetten på ein mild vinterdag, ein treng ikkje vente til alt anna og skulle vore gjort. I høve til bla høymole meiner kommunen det er meiningslaust med store ekker med ugrasproduksjon.

SMIL-MIDLAR

Hjelmeland kommune har nettopp fått melding om midlar me kan løyve i 2018. Me har i utgangspunktet søknadsfristar 15. februar og 1.oktober. Me har elles praktisert at me behandlar ein del av dei innkomne søknadane i første halvår, og resten i løpet av oktober. Har du eit aktuelt prosjekt så send inn når søknaden er klar, med kostnadsoverslag, plan for kva du skal gjere osv.

Du kan bla søkje midlar til skjøtsel av biologisk mangfald, restaurering av kulturminne, både nyare og automatisk freda, derunder bygningar, naturmiljø, gamle vegar osv.

KULTURARV SOM RESSURS – OPE MØTE PÅ SPINNERIET 27.2.

Tysdag 27. februar kjem direktør i Norsk Kulturminnefond Simen Bjørgen, og ein saksbehandlar derfrå, til Hjelmeland og inviterer til eit ope møte i samarbeid med Hjelmeland kommune, der dei fortel om moglegheiter for hjelp til finansiering når ein skal ta vare på kulturarven.

Møte er kl 19.00 på Spinneriet. Møte er gratis, enkel servering av tradisjonsmat.

Her vert og lokale innslag ved nokon som har gjort ein innsats for å ta vare på kulturarven og nyttar denne som ressurs i si næring, og her er eksempel på nokon som har eit prosjekt dei lurar på korleis dei skal ta fatt på.

Lars Randa – bedehus på Randa
Hanne Sundbø – Sofiehuset på Hagalid
Silje Sværen – Buhagen, mat og miljø



Møtedatoen kolliderer med produsentmøte til Tine, difor blir dette ikkje eit «typisk» landbruksmøte. Møte den 27.2 er ope for alle som er opptekne av, har interesse for, eller har, kulturarv. Det kan vere grunneigarar, bedrifter osv.

TILSKOT TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD

Hjelmeland kommune har no motteke melding om kor mykje midlar me har til rådvelde til dreneringssaker i 2018. Me har til no gjort ein del vedtak som går av denne potten, for at søkjarane skulle kunne starte på dreneringsarbeidet. Me behandlar søknadar fortløpande, og løyver midlar til tiltak som er ok i høve til søknad, og er ok i høve høyring hjå Rogaland Fylkeskommune osv. Me har ikkje søknadsfrist for dreneringstilskotet. Satsane er kr 2000,- pr da, eller kr 30 pr m – men ikkje meir enn kr 2000,- pr da. Tilskot kan ikkje gis til tiltak som er starta på.

KOMMUNEPLAN

Hjelmeland kommunesytre vedtok i møte 30. januar 2018 utkast til ny kommuneplan for Hjelmeland 2018-2030, og å leggja denne ut til høyring. Planen består av ein ny samfunnsdel og ein revidert arealdel.

På grunn av pågåande prosjekt med tettstadsutvikling i Hjelmeland sentrum, er den delen som gjeld sentrum, og nærliggande område, sett på vent, og vil bli ferdigstilt på eit seinare tidspunkt. Kommuneplanen er lagt ut på høyring 21.2 - 20.4. Frist for å koma med innspel er altså 22.04.18! Ope folkemøte 13.3 kl 19.00 i Spinneriet. Følg med og kom med innspel!

SOSIALE MEDIA

Hjelmeland kommune – landbruk, er ei eiga gruppe på Facebook. Her kan du bli medlem og få opp nyheiter etter kvart som kommunen oppdaterer sida. Fylkesmannen har ei Facebookside som heiter «Fylkesmannen og bonden i Rogaland».

NYTT FRÅ BEDRIFTSUTVIKLING I YTRE RYFYLKE

Skjerekurs – lam med Stian Espedal

Korleis partere eit lam i gode delar og få mest mogleg ut av lammet med minst mogleg svinn? Som eit ledd i å inspirere bønder til å starte med foredling vert det arrangert eit skjerekurs hjå Kniv & Gaffel (Sandebygget), Hjelmeland 10/3 kl 0930-14. Stian Espedal frå Nortura vil rettleie deltakarane i dele opp lam på ein best mogleg måte. Han demonstrerer og deretter får deltakarane skjere opp eit lam som dei får ta med seg heim etterpå. Lammet vert delt opp i skankar, sadel, lår, bogsteik, lårsteik med bein, lammecarré, lammerullar og mykje meir. Pris kr 2500 (inkl. kursavgift, kursmateriell, lunsj og eit oppskjert lam som deltakarane får ta med seg heim). Ønsker ein å bruke eige lam, er kursavgifta kr 600. Gje beskjed om dette ved påmelding. Avgrensa tal på deltakarar.

Bindande påmelding innan 28.februar til kari.sand@strand.kommune.no – 950 31190. Arrangør er Bedriftsutvikling i Ytre Ryfylke, Strand Sau og Geit og Hjelmeland Sau og Geit.

Jordbær i tunnel

Det vert planlagt eit **inspirasjonsmøte om jordbær i tunnel** på Pakkeriet i Årdal i mars ein gong i regi av Rogaland Frukt og Bær dyrkarlag og Bedriftsutvikling i Ytre Ryfylke. Meir informasjon kjem.



Fruktsatsing i Hjelmeland

Det er ei stor satsing på fruktproduksjon i Rogaland for tida, og det er i Hjelmeland det viser mest igjen. Både etablerte og heilt nye fruktbønder plantar etter det som vert kalla tett-plantingsprinsippet med automatisk vatning og gjødsling. Mange av dei har investert i arbeidsplattform også. Det er fem heilt nye fruktprodusentane som har planta og planlegg å plante over 130 dekar med eple og 20 dekar med morellar i tunnel. Ingen annan kommune i Rogaland kan vise til slike resultat

Bedriftsutvikling i Ytre Ryfylke v/Kari Sand. Telefon: +47 950 31190,

Epost: kari.sand@strand.kommune.no

